

**Fra:** Solveig Lohne Rongved (Solveig.Lohne.Rongved@hfk.no)

**Sendt:** 07.05.2015 12:29:38

**Til:** 'Walderhaug, Eva Sætersdal'

**Kopi:**

**Emne:** SV: Munketreppene

**Vedlegg:** image001.jpg;kartvedlegg forprosjekt Munketreppene.pdf

Hei

Budsjettet som er vedlagt søknaden er merka at det gjeld del 1, trasé 3. Sjå vedlagt kart frå forprosjektrapport. Arbeidet i 2015 vil – forutsett at finansieringa kjem på plass - ta for seg dei mest alvorlege punkta på stien. Ein vil dessutan nytta sesongen til å få betre oversikt over kor alvorleg tilstanden er generelt og kor mykje arbeid som er påkrevd. Det er difor uråd å på det noverande tidspunktet setje eit budsjett for det totale tiltaket, men forfallet er mindre i del 2 og 4. Det er slik den delen av stien der ein ventar at det er mest arbeid som er omsøkt no, og dermed venteleg den mest kostnadskrevjande. Prosjektet vil gå over fleire år av omsyn til at sesongen i fjellet er kort, arbeidet krevjande og at ein ikkje vil få full oversikt over tilstand før arbeidet tar til. Ambisjonen for året er 1000 arbeidstimar, men venelaget vil justera ambisjonane etter kor mykje midlar ein får på plass og når ein kan starta opp arbeidet. Mykje snø i fjellet gjer det lite truleg at ein kan starta arbeidet før i slutten av juni månad.

Venelaget ynskjer å kvalifisera til å motta spelemidlar som nærmiljøanlegg, og er i dialog med kommunen om dette. Dei har fått avslag frå norsk kulturminnefond ettersom anlegget er freda. Hordaland fylkeskommune har gitt 150.000,- til prosjektet gjennom ordninga for tilskot til freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Venelaget ventar no på svar frå Hardanger Stiftinga.

Eg vonar dette gjev svar på spørsmåla. Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Helsing

**Solveig Lohne Rongved**

arkeolog

Kultur- og idrettsavdelinga

Hordaland fylkeskommune

55 378044



---

**Fra:** Walderhaug, Eva Sætersdal [mailto:eva.walderhaug@ra.no]

**Sendt:** 6. mai 2015 14:01

**Til:** Solveig Lohne Rongved

**Emne:** Munketreppene

Hei!

Vi er i slutten av en langdryg behandlingsprosess for BARK i år og sender ut tilskuddsbrev i løpet av de neste dagene. Men før brev til dere går ut har jeg et spørsmål vs prosjektet Munketreppene. Er det riktig forstått at dette prosjektet vil bli flerårig og har du noen ide om budsjettet for å fullføre prosjektet på lengre sikt? Kan vi f.eks. påregne søknad over flere år til dette prosjektet i tilsvarende størrelsesorden?

Vet du ellers noe mer om status for støtte fra andre tilskuddsordninger pt til dette prosjektet?

Mvh Eva

Med vennlig hilsen

Eva S. Walderhaug  
Seniorrådgiver

**Riksantikvaren**

**Direktoratet for kulturminneforvaltning**

P.b. 8196 Dep.

0034 Oslo

Tlf. 98 22 87 19

E-post: [esw@ra.no](mailto:esw@ra.no)